



## Notat

Dato: 22.09.2015  
Arkivsak: 2015/6589-3  
Saksbehandlar: rolrose

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Skilting på E134 ved Jøsendal

På møte i fylkesutvalet den 18. juni 2015 stilte representanten Benthe Bondhus (Sp) spørsmål om skiltinga på E134 ved Jøsendal. Spørsmåla vart sendt over til Statens vegvesen som er fylkeskommunen sin faginstans på skilting. Svaret frå Statens vegvesen følger vedlagt.

Fylkesrådmannen har ikkje merknader til svaret frå Statens vegvesen, og kan stadfesta at fylkeskommunen er representert i gruppa som skal utarbeida forslag til nye vegruter og visningslister for fylkesvegnettet i Hordaland. Fylkesrådmannen vil rapportera til fylkesutvalet når resultatet av gruppa sitt arbeid ligg føre.